



Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS  
Kvingebakkevegen 97  
5981 MASFJORDNES

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/655 - 15/5050

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

09.03.2015

## Rammeløyve - veg, midlertidig riggområde, terrenginngrep og anlegg/konstruksjoner - delområde KBA2 Gbnr - 244/41 Eidsnes indre

Kommunen gjev rammeløyve til etablering av veg, mellombels riggområde, vesentleg terrenginngrep og etablering av anlegg for avløpsanlegg i samsvar med søknad journalført den 02.03.2015 (dok. nr. 4), jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Nabomerknader er teke til følgje

### Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast
2. Tiltaka må utførast etter tekniske krav gitt i byggeteknisk forskrift 2010
3. Tiltaka skal plasserast i samsvar med situasjonsplan (vedlegg D1)
4. Eigedomen skal knytast til privat avløp  
Eigedomen skal knytast til offentleg vatn
5. Eigaren av eigedomen og ansvarlege føretak skal innordna seg reguleringsplanen med føresegner. Tiltaka skal utførast etter gjeldande reguleringsplan med føresegner
6. Særleg forstyrrende anleggsarbeid skal leggjast utanfor gyteperioden for torsk i samsvar med punkt 1.18 i føresegnene til reguleringsplanen og notat frå soundmare av 05.03.2015
7. Løyvet er gjeve på vilkår av at gebyr etter pbl § 33-1 er innbetalt
8. Tiltaka må ikkje takast i bruk før ferdigattest eventuelt mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10

### Særlege krav vedrørande igangsetting:

1. Før det vert gjeve igangsettingsløyve for VA-anlegg må det ligge føre utleppsløyve
2. Før det vert gjeve igangsettingsløyve for tiltak i sjø må det innhentes godkjenning frå Bergen og Omland Havnevesen

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Før bruksløyve/ferdigattest for tiltaket vert gjeve må følgjande vilkår vere stetta:

1. Før bruksløyve kan gjevast, må avkjørsel, veg og hovudleidning for vass- og avlaupsanlegg vera opparbeidd, jf. pbl § 18-1
2. Kart- og koordinatliste for ferdig plassering vegar, og andre permanente anlegg/konstruksjonar skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen.

### Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	Tk	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L
SØK	2		Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	9543544008	s
PRO	2	Prosjektering av veg og terrengarbeider	Haugen VVA AS	911566664	s
PRO	2	Oppmåling	SH Oppmåling AS	913864344	s

\*S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

### Søknaden

Søknaden omfattar tilkomstveg som vist i reguleringsplanen, interne veger som vist på vedlegg E3 og E4, vesentlege terrengendring slik det går fram av vedlegg E2 til og med E6, mellombels riggområde som vist på vedlegg E4 og VA-anlegg som vist på vedlegg F7 og godkjent av teknisk drift.

Dette løyvet gjeld berre tiltak innanfor reguleringsplanen.

Andre tiltak som kan vere vist på eller skildra i innsendte søknadsmateriell, har kommune ikkje teken stilling til og er ikkje omfatta av dette løyve. Det same gjeld tiltak som er nemnt i saksutgreiinga men som ikkje er nemnt i førre avsnitt.

Naudsynte erklæringar ligg føre.

Søknaden er handsama som rammesøknad. Vi gjer merksam på at før igangsettingsløyve vert gjeve, må vilkår i rammeløyvet vere stetta. Dersom naudsynte løyve eller samtykkje ikkje er innhenta frå annen mynde ved søknad om rammeløyve, må dette ligge føre seinast ved søknad om igangsettingsløyve, jf § 21-5, første ledd, jf § 21-2, fjerde ledd.

### Nabotilhøve

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3, og det er registrert merknader frå Spectra Norge AS. Merknadene går i hovudsak på at det må innhentast uttale frå Direktoratet for Samfunnsikkerhet.

Saka har vore sendt på høyring til DSB to ganger (epost og post). Kommunen har ikkje fått tilbakemelding frå direktoratet.

Merknaden er teke til følge.

## Plangrunnlag

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan for Eidsnes Næringsområde.

Reguleringsplanen krev at det skal ligge føre masshandsamingsplan utan at det er lagt føringar for kva ein slik plan skal inneholde. Ein legg soleis innsendte opplysningar til grunn for søknaden.

Teknisk drift har godkjent VA-rammeplan for Eidsnes næringsområde, jf. epost frå assisterande einingsleiar Atle Dingen av 30.10.2014.

## Visuell utforming

Tiltaket har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjøn visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til si funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

## Plassering og høgdeplassering

Det ligg føre nabosamttykke for plassering nærmare enn 4 meter frå nabogrensa. Tiltaka si plassering vert godkjent som omsøkt, jf. pbl § 29-4 tredje ledd.

Plassering av tiltak skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. For plassering gjeld toleransegrenser for områdetype 1, jf. standarden "Plassering og beliggenhetskroll".

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

## Tryggleik mot fare

I søknaden er det oppgjeve at byggverket ikkje skal plasserast i flom- eller skredutsett område og at det ikkje er fare eller vesentleg ulempe som følgje av andre natur- eller miljøforhold.

## Gebyr

Søknadspåpliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Referanse til gebyrregulativet:	Tal:	Sum:
6.1 Kartbasis	1	500
10.2.5 Basisgebyr konstruksjonar og anlegg	1	10.000
10.2.9	3	3.000
Totalt å betale:		<b>13.500</b>

## Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

## Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve

kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Nordhordland Maritime  
Næringspark AS

Sandviksbodene 5 5035

BERGEN

Advokatfirmaet WKS v/adv Marius  
Wesenberg

Strandgaten 59 5004

BERGEN

**Mottakarar:**

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS

Kvingebakkevegen 5981  
97

MASFJORDNES